



Uskedal musikklag har eit publikumsvenleg repertoar som det alltid er gildt å høyra på.

**Det vert ofte sagt at det manglar møteplassar der generasjonane møtest. Sommarkonserten i kveld vitna om noko anna, I den litt kjølige kvelden var det godt frammøte og alle hadde ein gild kveld med musikk, song, tevlingar, og sosialt samvære. Laget heiter Uskedal Friluftslag og plassen går berre for Stemneplassen.**



Skulemusikk avslutta sesongen sin med framføringa i kveld. Dirigent: Tor Skeie Olsen

Begge musikklaga hadde sine minikonserter. Skulemusikken opna med fanfare og framførte fleire innslag før det verkeleg var sommarfri. Nye aspirantar vart presentert og fekk prøva seg i korpset. Musikklaget har eit publikumsvenleg repertoar med marsjar, valsar og dansebandmusikk. Opninga med No livnar det i lundar høvde godt denne kvelden.





Det manglar ikkje på nye dirigentar i Uskedalen.

Loddsalet gjekk strykande. Friluftlaget sat att med ei inntekt på kr. 6.000,- Alle gevinstante var sponsa av næringslivet i bygda.



[Det vr stor deltaking på hestekasting.](#)

Det var stor interesse og lange køar for å få vera med på leikane. Heile 35 deltakarar kasta hestesko. Ikkje uventa gjekk Karin Tungesvik av med sigeren. Nr. 2: Monica Herman Nr. 3: Linnea Ripel. Den andre tevlinga, støvelkasting, var krevjande og måtte leggjast litt om. Vinnar her var Sigrī Lekva. Nr. 2: Filip Lauritzen Nr. 3: Andre Øvstebø.

Det vart mindre av allsongen enn det som var tenkt, men Rustne Menn kjem sterkare tilbake. Alt i eitt: Det var ein gild kveld på Stemneplassen der ikkje minst borna storkoste seg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal





Renate Koløy prøvde seg på stølvelkasting. Vinnaren vart Sigri Lekva.